



# ÅRSMELDING - 1993



## FISKERIRETTLEIAREN I ULSTEIN OG HAREID



Kontor, adr., tlf.:  
Rådhuset, 6060 Hareid, 70095000  
Telefax 70095157



Utdrag "Vikebladet/Vp"

Ovanfor: Skisse av regionen som omsluttar Hareid- og Ulstein kommune.

Nedanfor: Regionen ligg der den svarte pila viser.

Alesund er næraste by.

# Rekordår for Skaarfisk

Under juleavslutninga ved Skaarfisk Hjørungavåg i neste veke vil det også bli ei markering av at verksemda i år har hatt ein årsproduksjon som rundar 30.000 tonn. Dette er høgste produksjonen dei nokon gong har hatt.

Filétering frå morgonen til midnatt

Sidan makrellsesongen dabba av i byrjinga av november har det ved Skaarfisk i Hjørungavåg vore fullt køyr med sildefilétering. Dei har tatt mot og filétert sild frå morgon og fram mot midnatt nesten kvar dag.

Andreas Moldskred, fabrikksejef ved Skaarfisk i Hjørungavåg, fortel at det i første rekke er god tilgang på sild som gjer at produksjonstallet blir så høgt i år. Hittil i år har verksemda teke mot nærare 20.000 tonn rund sild, nærare 10.000 tonn rund makrell og i underkant 1000 tonn med laks. Til samanlikning var årsproduksjonen i 1989 på 7500 tonn.

400 containarar

I 1993 har Skaarfisk Hjørungavåg sendt avgarde nærare 400 containarar med frosen fisk. Eit svært stort tal, særleg sett i høve til at kvar container tek 23,5 tonn fisk. Containarane blir stort sett køyrde til

## ÅRSMELDING - 1993, SENDT TIL:

### Hareid fiskerinemnd:

Johs. J. Hareide, 6060 HAREID  
Else Karlsen, 6062 BRANDAL  
Leif Korsnes, 6060 HAREID  
Sølvi Bjåstad, 6060 HAREID  
Sigvart Breivik, 6060 HAREID

### Ulstein fiskerinemnd:

Arne Høyvik, 6072 HADDAL  
Borghild Petersen, 6072 HADDAL  
Eivind Ulstein, 6065 ULSTEINVIK  
Snefrid Kleiven, Flø, 6065 ULSTEINVIK  
Jan Kristian Skeide, 6065 ULSTEINVIK

### Hadarøy fiskeoppdrettslag:

Jarle Sørheim, 6063 HJØRUNGAVÅG  
Karen Toppol, Bigset, 6060 HAREID

### Ulstein fiskarkvinnelag:

Karin Svendsen Holstad, 6060 HAREID  
Ester Flø, 6065 ULSTEINVIK

### Ulstein fiskarlag:

Leif Midtflø, Flø, 6065 ULSTEINVIK  
Svein Eldar Urvik, 6065 ULSTEINVIK

### Hareid fiskarlag:

Roar Hareide, 6060 HAREID  
Walter Ø. Jenssen, 6060 HAREID

### Hareid hamnestyre:


Jan Skrede, 6060 HAREID  
Kåre N. Brandal, 6060 HAREID

### Fiskeristyrets medlemmer:

Per Håvard Klauset, 6410 MIDSUND  
Joralf Flataukan, 6577 NORDSMØLA  
Jarle Haga, 6533 KÅRVÅG  
Jakob Strand, 6077 GJERDSVIKA  
Anne-Beth Skrede, Borgundvn. 62, 6002 ALESUND

- \* Hareid kommune v/formannskapskontoret  
v/ordføreren  
v/rådmannen  
v/teknisk etat  
v/skulekontoret
- \* Ulstein kommune v/formannskapskontoret  
v/ordføreren  
v/rådmannen  
v/teknisk etat  
v/skulekontoret
- \* Hareid Trygdekontor, 6060 HAREID
- \* Ulstein Trygdekontor, 6065 ULSTEINVIK
- \* Skaarfish Group A/S, 6063 HJØRUNGAVÅG
- \* Fico A/S, 6060 HAREID
- \* Hjørunglaks, v/Peter Brevik, 6060 HAREID
- \* Fløfisk A/S, 6065 ULSTEINVIK
- \* Distriktsveterinæren i Ulstein, 6065 ULSTEINVIK
- \* Havbruksveterinæren ved næringsmiddelkontrollen i Dragsund,  
6065 ULSTEINVIK
- \* Fiskerirettleiarane i M&R, 8 stk.
- \* Fiskerisjefen i M&R, P.b. 513, 6001 ALESUND
- \* Fiskeridirektoratet v/kontoret for rettl./info.  
v/administrasjonsavdelinga  
P.b. 185 v/fiskeriøkonomisk avdeling  
5002 BERGEN v/avdeling for fiske og fangst  
v/havbruksavdelinga  
v/biblioteket
- \* Fiskeridepartementet, seksjon for forskning og utvikling,  
p.b. 8118 - Dep., 0033 OSLO 1
- \* Fylkeskommunen, Fylkeshuset, Julsundvn. 9, 6400 MOLDE
- \* "Tampen" v/Johs. R. Hareide, 6060 HAREID
- \* "Flømann" v/Hans Flø, 6060 HAREID
- \* "Melshorn" v/Nils Pilskog, 6063 HJØRUNGAVÅG
- \* "Stokke Senior" v/Gunnar Stokke, 6065 ULSTEINVIK
- \* "Karl Vadøy" v/Knut Arne Høyvik, 6070 TJØRVÅG
- \* Sunnmøre fiskarlag, Fiskerhuset, Nedre Strandgt. 4, 6001  
ALESUND
- \* Statens Fiskarbank, avd. Ålesund, Nedre Strandgt. 4, 6001  
ALESUND
- \* Kystverket 3. distrikt, p.b. 3025 - Klipra, 6021 ALESUND
- \* "Fiskaren", Slottsgaten 3, p.b. 4053 Dreggen, 5023 BERGEN
- \* Vikebladet/Vestposten, 6065 ULSTEINVIK
- \* Arbeidskontoret i Ulstein distrikt, 6065 ULSTEINVIK

februar -94

  
Jan-Petter Mork

## F O R O R D

Lova om rettleiingstenesta i fiskerinæringa av 11. juni 1971 vart sett i kraft frå 1. januar 1972, og er seinare endra i same Lov av 11. juni 1982.

Rettleiingstenesta representerer dei lokale fiskerimyndigheter som er underlagt og finansiert av staten. Fiskerinemnda er likevel valgt av kommunestyret, og fiskeristyret er valgt av fylkestinget.

I fylgje § 10 i Instruks for fiskerirettleiaren, fastsett av Fiskeridepartementet 1. juli 1982, skal fiskerirettleiaren utarbeide årsmelding.

Den 8. oktober 1984 bestemte Fiskeridirektoratet i ein godkjent mal kva årsmeldinga skulle innehalde. Denne malen vart endra i brev frå Fiskeridirektoratet dagsett 30. april 1991. Den framlagte årsmeldinga som er utarbeidd i tråd med den nye malen er mykje lik den foregåande årsmeldinga.

Ein tek likevel atterhald om seinare rettingar då tal og meiningar, som i enkelte høve er teke på skjøn, kan avvike frå det som er eksakt rett.

Hareid, 7. februar 1994

Jan-Petter Mork

## I N N H A L D

	Side
1. KORT OM DISTRIKTET -----	1
Kart over tenestedistriktet, fiskarbusetting, fiskemottak, oppdrettsanlegg, skipsbyggeri -----	2
2. SAMANDRAG -----	3
3. SYSSELSETTINGA I NÆRINGA -----	5
3.1 Fiskarmanntalet -----	5
3.2 Syssselsetting i fiskemottak- og foredlingsleddet---	6
3.3 Syssselsette i akvakultur (fiskeoppdrett)-----	7
3.4 Andre arbeidsplassar skapt av fiskerinæringa -----	9
3.5 Den totale syssselsettinga i fiskerinæringa -----	9
4. FISKEFLÅTEN -----	10
4.1 Avgang, tilgang, antal og byggeår -----	10
4.2 Krinsvis fordeling av fiskeflåten -----	11
4.3 Fiskefarty med konsesjonar -----	11
5. FISKEINDUSTRIEN -----	12
6. RÅSTOFFSITUASJONEN/FØRSTEHANDSOMSETNING -----	13
6.1 Fangstleveringar utanfor distriktet -----	14
7. HAVBRUK/AKVAKULTUR -----	15
7.1 Søknader og anlegg i drift -----	15
7.2 Driftsresultat ved akvakulturanlegg (fiskeoppdrett)	16
8. ANDRE VERKSEMDER - PLANAR OG SAMARBEIDSTILTAK -----	17
8.1 Interessante hendingar - nyheiter -----	17
8.2 Aktuelle prosjekter, samarbeidstiltak -----	18
8.3 Krisehandteringar, kystoppsyn, seismisk kalibrering	21
8.4 Kystsonenplanlegging - handlingsplan for fiskerinæringa	22
8.5 Fiskerihamnene -----	23
8.6 Fiskeriutdanning -----	23
8.7 Finanssaker - Statens Fiskarbank m.fl. -----	24
8.8 Garantikassa for fiskarar -----	24
8.9 Kort om fiskerikontoret -----	25
8.10 Forvaltninga - reformer i fiskerinæringa -----	26
<b>VEDLEGG:</b>	
A. Medlemmer i fiskerinemndene og nokre andre organ	27
B. Sjøtemperaturar -----	29
C. Sjøkart nr. 30 og nr. 308 -----	30

## 1. KORT OM DISTRIKTET


Underteikna vart tilsett som fiskerirettleiar i kommunane Herøy, Ulstein og Hareid den 1. august 1975. Som ein av dei største fiskerikommunane i landet sette Herøy fram rettkome krav om å få eigen fiskerirettleiar - og distriktet vart delt i to frå 1. januar 1979.

Denne regionen, som har hatt svak vekst i folketalet, hadde pr. 1/10-93 totalt 10 606 innbyggjarar fordelt med 5 983 i Ulstein, og 4 623 i Hareid kommune. Bortsett frå to mindre busette øyar i Ulstein, er begge kommunane lokalisert på øya Hareidlandet. Ulstein delar øya i vest, Hareid i aust. Øyane, som er utan fastlandsamband, har likevel fleire fergeknytepunkt, og hurtigbåten til Alesund tek 25 minutt. Tettstaden Ulsteinvik utgjer eit naturleg regions- og handelssenter for heile ytre Søre Sunnmøre.

Tidlegare var næringslivet i distriktet hovudsakeleg basert på fiske, fiskeforedling og selfangst. I dei seinare åra har ein hatt vekst i skipsindustrien. I dag er næringslivet i Ulstein kommune hovudsakeleg basert på skipsindustri, og eit sterkt handels- og servicesenter. I Hareid har ein meir variert næringsliv basert på skipsindustri, møbelproduksjon, betongproduksjon, fiskeforedlingsbedrifter, havfiskefarty og anna småindustri.

Av dei totale arbeidsplassane i begge kommunane, reknar ein med at ca. 800 sysselsette har arbeidet sitt direkte eller indirekte knytta til fiskerinæringa.

# OMRÅDE



VIGRA  
Alesund lufthamn

ÅLESUND

FLØ

BRANDAL

ULSTEIN

HAREID

ULSTEINVIK

HJØRUN

DIMNA

RV 61

HASUND

Geiranger - H

HADDAL

Sunnmørs

EIKSUND

ØRSTAN  
LDA

- ◆ = skipsbyggeri
- = oppdrettsanlegg
- = 10 fiskere
- = fiskemottak

**———** den geografiske avgrensinga av tjenesteområdet  
**- - - - -** grense mellom kommunene Hareid og Ulstein

## 2. SAMANDRAG

På grunn av periodevis lave fiskeprisar på enkelte fiskeartar, vart 1993 eit dårlegare år enn forventta for mange av fiskarane i distriktet. Antal fiskarar har sidan slutten av 70-åra stabilisert seg mellom 350-400, med ein liten reduksjon mindre enn landsgjennomsnittet siste åra. Gj.sn.alderen på fiskarane er 38 år.

I antal har fiskeflåten i distriktet hatt jamn tilbakegang i mange år, og har no stabilisert seg på rundt 50 farty. Nedgangen i antal er imidlertid meir eit resultat av innskjerpa krav for å kunne ha båtar merka i merkeregisteret for fiskefarty, enn reell tilbakegang i drifta. 6-7 av disse er havgåande fiskefarty, 9-10 er kystfiskefarty og resten er sjarkar. Av dei havgåande fiskefartya har ein to ringnotsnurparar, ein fabrikktrålar, ein autolinebåt, ein kombinert snurpar/snurrevadbåt og to selfangstskuter som er spesielt berre i dette distriktet og i Tromsø. Det er neppe grunn til å anta at antal fiskefarty i dette distriktet vil endre seg noko større dei næraste åra.

Gjennomgåande middels oppfiska kvantum, dei fleste med fulle torskekvoter og brukbart line- og garnfiske etter brosme, lange, hyse, sei og breiflabb gjorde at fleire av sjarkane og kystfiskefartya kom ut med eit brukbart årsresultat også i 1993. Nokre av sjarkane og kystfiskefartya i distriktet reiser kvar sommar til fiskefelta utanfor Nord-Noreg der dei tek deler av sine kvoter av torsk og hyse. Dei fleste av snurrevadbåtane som tok heile kvota si av torsk og ein del hyse hadde eit godt år. Makrelldorginga i Nordsjøen ga brukbart resultat for eit av fartya som deltok. Småreketråling i lokale fjordområder og teinefiske ga brukbart resultat berre i kortare avgrensa tidsperioder. Sommarbrislingfiske i Eiksundområdet vart dårlegare enn forventta også i 1993.

For snurparane som fiska etter makrell, sild og lodde, vart 1993 eit relativt godt år - men med nedslitte farty og utstyr treng dei det økonomiske resultatet for å greie sine forpliktelsar.

Fabrikktrålaren ved New Zealand fekk etter kvart problem med rekningsvarande drift og kom derfor tilbake til Noreg i oktober.

Den havgåande autolinebåten hadde etter forholda eit bra år også i 1993, hovedsakeleg på grunn av intensiv drift, bra fiske og full torskekvote.

Ei selfangstskute hadde i 1993 ca. 3 600 dyr i Austisen. Den andre selfangstskuta som var i Vesterisen hadde berre ca. 900 dyr. Med dei lave skinnprisane måtte skutene ha statsstøtte for å halde økonomisk balanse på turen.

Fiskeindustrien i distriktet har hatt monaleg vekst siste åra, og sysselset no nær 100 årsverk. I 1993 mottok Skaarfisk Group A/S i Hjørungavåg til saman over 30 000 tonn av sild, makrell, laks, aure m.m. Meir enn halvparten av sysselsette i



fiskeindustrien i distriktet er kvinneleg arbeidskraft. I motteke førstehandskvantum, førstehandsverdi og sysselsetting, er Skaarfish Group A/S i Hjørungavåg no i ferd med å verta eit av dei største fiskemottak og -foredlingsanlegg vi har i Møre og Romsdal.

Det er stagnasjon i produksjon og antal sysselsette i fiskeoppdrett. Berre to av dei tre settefiskanlegga i distriktet har no smolt og aure inne klar for levering. To kveite-oppdrettsanlegg har førebels ikkje oppnådt ønska resultat. I Hareid har ein likevel "ledige" ferdig planregulerte oppdrettslokalitetar som kunne nyttast til generasjonsanlegg for lakseoppdrett, dersom hindringane til flytting over kommunegrensene vart liberalisert.

Mange av arbeidsplassane i skipsindustrien, betongindustrien og andre servicebedrifter i distriktet, er skapt og er avhengig av fiskerinæringa og fiskarane si verksemd på nære og fjerne farvatn. Den totale sysselsettinga som er avleia av fiskerinæringa si verksemd (inkludert fiskarane) gir rundt 800 arbeidsplassar i distriktet. Det er ikkje grunn til å tru at antal arbeidsplassar som fylgje av fiskerinæringa si verksemd vil endre seg noko større dei første åra. Eit "krakk" i skipsindustrien i distriktet kan imidlertid medføre at mange arbeidsplassar må "overførast" frå skipsverft til fiskeflåten, og eventuelle fiskeindustribedrifter.

Sjølv om ein ser lysare tider i møte, er det realistisk å tru at enkelte av kredittgivarane til delar av næringa framleis må rekne med å tape pengar på uheldige prosjekt også i 1994. Tilgang på bankfinansiering og anna kreditt vil derfor i enkelte høve framleis verte vanskeleg med krav til sikker pant dei næraste åra. I positiv lei vil ein nemne det lave rentenivået ein har hatt den seinare tid - som er med på å redusere dei totale kapitalkostnadane ved låneopptak i næringa.

I hovedsak ser ressursgrunnlaget og råstoffsituasjonen relativt lys ut for 90-åra. Tilgjengelegheita på mange av torskefiskartane ser bra ut, og storsildstamma er i vekst. I denne samanheng merkar ein seg at dei tildelte kvotene av hyse til sjark- og kystflåten er større enn dei har vore på mange år. Oppdrettsnæringa har stort vekstpotensial - og på sikt håper ein nye artar vil avlaste presset på laksen. Prisane på fisk er imidlertid lavare enn forventane, og eksportmarknaden for enkelte fiskeprodukt ser noko treg ut på kort sikt. Dei reduserte tollsatsane på enkelte fiskeprodukt til EF-landa vil sansynlegvis på lengre sikt gi betre konkurransehøve og auka tilgang til eksportmarknaden. Ein håpar at auka informasjon om selvangsten vil svekke hetsen mot næringa, og skape ny marknadsetterspurnad for selskinn, -spekk (Omega 3-feitt) og selkjøt.

Til slutt er vi mange som håper at det vert tilrettelagt slik at fiskerimiljøet som er skapt i tilknytning til fiskerikaia i Ulsteinvik kan fortsette å utvikle seg i positiv lei.

### 3. SYSSELSETTINGA I NÆRINGA

#### 3.1 Fiskarmanntalet

Fiskarmanntalet er oppsett i medhold av lov av 11. juni 1982, føresegner fastsatt 26. september 1983. Sterkt forenkla kan ein seia at det krevst meir enn 20 veker drift, og inntekt høgare enn kr 37 300 (grunnbeløpet i folketrygda) frå fiske for å koma inn på blad B som hovedyrkefiskar. Av den totale årsinntekta må minst 2/3 vera frå fiskeri, og ein kan ikkje ha fast heilårsstilling utanom fiskaryrket. Biyrkefiskarane må ha ei inntekt frå fiske på minst kr 18 650 (0,5 G) for å stå på blad A. Pensjonerte fiskarar, som i 10 av dei siste 20 åra før pensjonering hadde fiske som hovedyrke, kan likevel i spesielle høve stå på blad A utan slike krav til inntekt. Ved fleire konsesjonsbelagde fiskeri og sosiale goder, er det krav om at ein må stå i fiskarmanntalet.

Fiskarmanntalet i Hareid kommune:

År	Inn- 19 deling	Fiskarar fordelt etter aldersgruppe.							Tot.	Gjsn. ald.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
91	Blad A	0	11	7	6	8	8	7	47	48
	Blad B	14	65	35	19	17	4	0	154	33
	Totalt	14	76	42	25	25	12	7	201	37
92	Blad A	1	17	14	5	6	7	8	58	43
	Blad B	13	51	30	21	17	4	0	136	33
	Totalt	14	68	44	26	23	11	8	194	36
93	Blad A	2	11	6	6	4	4	10	43	47
	Blad B	11	63	28	22	18	5	0	147	35
	Totalt	13	74	34	28	22	9	10	190	38

Dei siste åra har antal fiskarar i Hareid stabilisert seg rundt 200. Gjennomsnittsalderen på fiskarane er 38 år. Det er ikkje grunn til å venta at antal fiskarar i Hareid vil endre seg noko større dei næraste åra.

Fiskarmanntalet i Ulstein kommune:

År	Inn - 19 deling	Fiskarar fordelt etter aldersgruppe.							Tot.	Gjsn. ald.
		15-19	20-29	30-39	40-49	50-59	60-69	70 og over		
91	Blad A	1	17	11	6	5	1	12	53	43
	Blad B	8	35	23	19	12	3	0	100	34
	Totalt	9	52	34	25	17	4	12	153	37
92	Blad A	1	9	6	4	5	2	10	37	46
	Blad B	10	31	29	18	10	4	0	102	34
	Totalt	11	40	35	22	15	6	10	139	38
93	Blad A	0	5	4	3	6	1	11	30	55
	Blad B	10	39	30	16	15	4	0	114	35
	Totalt	10	44	34	19	21	5	11	144	39

Etter fiskarmanntals-listene har antal fiskarar i Ulstein siste åra leie kring 150-160. Gjennomsnittsalderen på fiskarane i Ulstein er 39 år. Det er ikkje grunn til å venta at antal fiskarar i Ulstein vil endre seg noko større dei næraste åra. Dersom skipsindustrien får eit "krakk", kan ein derimot forvente at antal fiskarar vil auke monaleg.

I regionen sett under eitt, var det i 1993 manntalsført 334 fiskarar. Av disse hadde 260 fiske som hovedyrke. (Ein gjer merksam på at antal fiskarar her i årsmeldinga relaterer seg til fiskarmanntalet ved årsskifte 1993/-94, rett etter ferdig årsrevidering. Dei gjennomsnittlege tala i fiskarmanntalet gjennom året vil derfor vera noko høgare, jfr. dei tilsvarande tala frå Fiskeridirektoratet sin statistikk som ligg 10-15% høgare).

### 3.2 Sysselsetting i fiskemottak- og foredlingsleddet

	Heiltidstilsette			Sesongtilsette			Ant. årsverk tot.		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
1992									
Hareid	36	41	77	19	26	45	43	56	99
Ulstein	1		1	1	1	2	2		2
1993									
Hareid	36	41	77	19	27	46	43	57	100
Ulstein	1		1	1	1	2	1		1

Kjelde: Innhenta opplysningar frå bedriftene og tidlegare årsmeldingar.

Siste året er det 4 fiskemottak og foredlingsbedrifter som har vore i drift i dette distriktet. Den største og dominerande av desse er Skaarfish Group A/S, ei forholdsvis ny og moderne bedrift som ligg i Hjørungavåg. Denne bedrifta som tidvis sysselset 70-90 arbeidarar, har tre avdelingar, ei for mottak av oppdrettslaks og -aure, ei for mottak, produksjon, filitering og frysing av sild - og ei for mottak, produksjon og frysing av makrell. Fleire av arbeidarane ved Skaarfish er dagpendlarar busett i Ulstein kommune. (Ein gjer merksam på at antal sysselsette, heiltidstilsette, sesongtilsette og årsverk er gjort etter skjøn. I lønnslista på anlegget kan ein imidlertid konkret talfeste at 295 ulike personar i løpet av året er registrert med større eller mindre lønnsutbetalingar).

Den andre bedrifta er Martin Karlsen A/S som ligg i Brandal. Denne bedrifta har tidlegare vore ein sildoljefabrikk, og har dessutan teke imot og foredla selskinn, spekk, brugdelever, småkval m.m. Det er grunn til å merke seg at dette er den einaste bedrifta i Norge utanom Tromsø, som har hatt maskiner for mottak og foredling av selskinn og spekk. Ein må på det sterkaste beklage at dette anlegget siste 10-11 åra ikkje har hatt i drift spekk- og selskinmaskinene, på grunn av hetsen

og påfylgjande nedtrapping i selfangstnæringa. For 25-30 år tilbake sysselsette denne bedrifta 20-25 mann, siste åra har anlegget berre sysselsett 2-3 personar. No vert det gjort forsøk med drift av kveiteoppdrettkonsesjon på dette anlegget. Det vert samstundes vurdert om anlegget skal igjenoppta verksemda som fiskemottak og -foredlingsanlegg. Ein av personane i denne familiebedrifta er også leiar for ei lignande bedrift i Halifax, Canada.

I tillegg til desse anlegga har Fico A/S produksjon av skinnfri klippfisk, tørrfisk-snacks, og salg av fiskeprodukt i leigde lokaler på ytre Hareid. Dette anlegget har tidvis sysselsett 2-3 personer, og har hatt monaleg auke i omsetninga siste åra. Anlegget har siste året fått utvida produksjonslokala, og prøver no markedet med nye fiskeprodukt.

Per Tømmerstøl, eit mindre mottak av sild og brisling, har tidlegare leigd lokaler ved Skjervøy anlegget i Ulsteinvik. Dei små kvanta som vart oppkjøpt her gjekk til produksjon av saltsild, krydrasild og ansjos. Denne verksemda hadde tidvis sysselsett 1-2 personar. Siste åra er det ikkje teke imot og foredla noko ved anlegget. Istaden er ferdig produsert vare oppkjøpt frå andre firma og solgt på marked som Tømmerstøl hadde opparbeidd. Ved lineegnesentralen på Skjervøy anlegget vart det i 1985 også oppretta eit tradisjonelt fiskemottak som tok imot, flekte, salta og leverte fersk linefisk som brosme, lange, torsk, hyse m.m.. Dette anlegget hadde ei tid tilsett 1-2 mann, men måtte stoppe fiskemottaket i 1988 på grunn av økonomiske vanskar. Etter denne tid har ein ikkje teke imot noko fisk på dette anlegget, som no er oppkjøpt av nye eigarinteresser.

### 3.3 Sysselsette i akvakultur (fiskeoppdrett)

	Heiltidstilsette			Sesongtilsette			Ant.årsverk		
	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.	Menn	Kvinner	Tot.
1992									
Hareid	2	1	3	2	1	3	4	1	5
Ulstein	3	0	3	2	1	3	3	1	4
1993									
Hareid	2	1	3	2	1	3	4	1	5
Ulstein	3	0	3	2	1	3	4	1	5

Sesongtilsette inkluderer også leigearbeidarar.

Kjelde: Innhenta opplysningar frå bedriftene og tidligare årsmeldingar.

I dette distriktet hadde vi i 1993 berre 3 settefiskanlegg, 2 kveiteoppdrettsanlegg og 3 muslingdyrkingsanlegg som var i drift.

Det tidlegare settefiskanlegget Hjørungfisk A/S, som låg i Hjørungavåg, har tidvis hatt 1-2 fast tilsette, 1-2 sesongtilsette og 1-2 leigearbeidarar. Dei generelle vanskane med overproduksjon i settefisknæringa, medførte at også dette anlegget fekk tiltakende økonomiske problem i 1989, og antal sysselsette vart derfor redusert til eit minimum. Då det på slutten av året vart klart at det ikkje ville verta gitt kreditt for innlegging av ny rogn, var dette einsbetydande med at bedrifta vart tvinga til konkurs i byrjinga av 1990. Etter konkursen vart klekkerianlegget i Liavågen hausten -90 oppkjøpt av ny eigar under namnet Hjørunglaks, som no driv det todelte anlegget både i Liavågen og Korshamna med 1-2 fast tilsette, og tidvis med ytterlegare 1-2 sesongtilsette.

Settefiskanlegget Fløfisk A/S på Flø, som også har hatt ein tidsavgrensa matfisk-konsesjon ved Spjutøya, har fram til sommaren -90 hatt 6-7 fast tilsette, 2-3 sesongtilsette og 1-2 leigearbeidarar. Også dette anlegget fekk aukande økonomiske vanskar i 1989, som m.a. førte med seg nedskriving av aksjekapital og konstallasjonsendring i selskapet. Den tidsavgrensa matfisk-konsesjonen ved Spjutøya vart noko uklart oppkjøpt av ny eigar, og flytta til Valderøya på ettervinteren -90. Utbrot av furunkolose ved settefiskanlegget på Flø gjorde at fisken på anlegget sommaren -90 vart neddrepent, og anlegget desinfisert og lagt i brak i påvente av bedre tider. Sommaren -92 vart anlegget sett i drift igjen, og i 1993 vart det innstallert UV-filter for innpumping og bruk av sjøvatn. Anlegget har siste tid hatt 3 fast tilsette, og tidvis 1-2 sesongtilsette samt 1-2 leigearbeidarar for reparasjonsarbeid, overhaling av pumper, teknisk utstyr m.m. Konstallasjonen i dette selskapet synest den seinare tid å vere noko klar.

Det tredje settefiskanlegget, Brandal Klekkeri A/S i Brandal, hadde ei tid periodevis 1 tilsett, og delvis 1 deltidarbeidar. Sjølv om dette anlegget hadde salgsavtale, og fekk levere halvparten av sin smoltproduksjon til Frankrike sommaren 1989, vart omsetninga seinare likevel for lita med aukande økonomiske vanskar, og konstallasjonsendring som resultat. Frå våren -90 vart anlegget "noko haltande" halde i gang, på grunn av at dei fekk ekstra gunstige betingelsar på innlegging av øyerogn. Drifta enda imidlertid med at også dette anlegget fekk furunkolose sommaren 1991, og måtte då drepe ned all yngel i påvente av bedre tider. Sommaren -92 vart anlegget gjennom tvangsauksjon oppkjøpt av Hjørunglaks som no eig anlegget.

Av muslinganlegga som enno hadde igjen østers i 1993, ligg to ved Dimna og eit ved Hjørungavåg. Disse driv berre i liten målestokk, og krev kvar ca. 0,2 årsverk. I tillegg til disse har ein eit kveiteoppdrettsanlegg i Brandal med ca. 0,9 årsverk.

I Hjørungavåg er det gitt ein hummarkonsesjon og ein piggvar-konsesjon, som under planlegging og forsøksdrift har kravd ca. 0,5 årsverk, og til slutt har ein også eit kveiteoppdrettsanlegg på Hatløya som har krevd ca. 0,8 årsverk. Av desse i alt 8-9 årsverk har 2-3 kvinner vore i arbeid.

### 3.4 Andre arbeidsplassar skapt av fiskerinæringa

Ovanfor har vi sett på sysselsette i land ved fiskemottak, foredlingsanlegg og akvakulturanlegg. Vi har imidlertid langt fleire arbeidsplassar i land som er avhengig av verksemda, både til fiskarane og andre i fiskerinæringa. I dette distriktet kan ein nemne: Skipsindustrien, betongindustrien, produksjon av kaikraner/fiskevaskemaskiner, lineegnesentralar, konsulentkontor, rederikontor, rekneskapskontor, rørleggerfirma, elektromontørar, sjarkprodusent, produsent av spesialklosett på farty, serviceverkstad for småbåtar, utstyrslleverandørar m.m.

Særleg skipsindustrien har mykje av si verksemd knytta til bygging, ombygging og reparasjonar av fiskefarty. Det er i alt 6 slike større skipsverft i dette distriktet, 5 ligg i Ulstein kommune og eit ligg i Hareid. Dessutan har Partek Norspenn A/S (ex. Vestlandske Spennbetong), og Ulstein Betongindustri A/S den seinare tid hatt betydelege leveransar av betongprodukter, samt prosjekterte bygg og anlegg såvel for fiskemottak, foredlingsanlegg og fryseri som til fiskeoppdrettsanlegg m.m. Det er utarbeidd eit eige oversiktsnotat som viser bedrifter og arbeidsplassar skapt og avleia av fiskerinæringa.\*

### 3.5 Den totale sysselsettinga i fiskerinæringa

Det er gjort berekningar som viser at alle dei direkte og indirekte virkningane av fiskeria, skaper 1-1,5 arbeidsplassar i land for kvar registrert fiskar. Dersom vi legg oss "midt på treet", kan ein seia at for kvar sysselsett fiskar vert det skapt 1,3 arbeidsplassar på land. Tidlegare har vi funne at regionen samla i 1993 hadde 334 registrerte fiskarar:  $334 \times 1,3 = 401$ . Ut frå dette finn vi at den tradisjonelle delen av fiskerinæringa i dette distriktet skaper  $334 + 401 = 735$  arbeidsplassar.

I tillegg kjem dei 10 arbeidsplassane innan fiskeoppdrett samt ca. 30 tilsette på Skaarfish Group A/S sitt lakseslakteri, slik at den totale sysselsettinga som fylgje av fiskerinæringa si verksemd vert  $735 + 10 + 30 = 775$  arbeidsplassar.

(\* Ei undersøking i august-93 viste imidlertid at den gjennomsnittlege totale årlige sysselsettinga basert på fiskerinæringa dei 3 siste åra var over 900). Under alle omstende kan ein slå fast at dette distriktet har relativt mange arbeidsplassar som direkte eller indirekte er avleia og skapt av fiskerinæringa si verksemd.

#### 4. FISKEFLÅTEN

##### 4.1 Avgang tilgang, antal og byggeår

##### HAREID 1993

Lengde i M	Antal farty			1993 31/12	Byggeår 19..						
	1993 1/1	Av- gang	Til- gang		-30 -39	-40 -49	-50 -59	-60 -69	-70 -79	-80 -89	-90 -93
5-10	15	2	1	14			1	1	9	3	
10-15	3			3					2	1	
15-20											
20-30											
Ov.30	4	1	1	4		2		1		1	
Totalt	22	3	2	21		2	1	2	11	5	

Kjelde: Merkeregisteret

I 1993 var fiskeflåten i Hareid samansett av 1 fabrikktrålar, 2 snurparar (ein av disse også selfangstskute), 1 selfangstskute, 3 kystfiskefarty og 14 sjarkar, totalt 21 farty. 76% av fiskeflåten var bygd etter 1970, 24% var eldre.

##### ULSTEIN 1993

Lengde i M	Antal farty			1993 31/12	Byggeår 19..						
	1993 1/1	Av- gang	Til- gang		-30 -39	-40 -49	-50 -59	-60 -69	-70 -79	-80 -89	-90 -93
5-10	22			22			2	2	11	7	
10-15	6	1	1	6	1			1	1	2	
15-20	1			1						1	
20-30											
Ov.30	1			1						1	
Totalt	30	1	1	30	1		2	3	12	11	

Kjelde: Merkeregisteret

I 1993 var fiskeflåten i Ulstein samansett av 1 havgåande autolinebåt, 1 havgåande snurpar/snurrevadbåt, 1 kystreke-trålar, 5 kystfiskefarty for line/garn og 22 sjarkar, tilsaman 30 farty. 80% av fiskeflåten var bygd etter 1970, 20% var eldre.

I den seinare tid har Fiskeridirektoratet innskjerpa krava som vert stilt for å få båtar registrert i merkeregisteret for fiskefarty.

#### 4.2 Krinsvis fordeling av fiskeflåten

##### Hareid:

Av dei i alt 21 fiskefartya var 12 frå Hareid, 5 frå Brandal og 4 frå Hjørungavåg. Delar av året er likevel eit eller to farty frå Brandal og Hjørungavåg stasjonert på Hareid.

##### Ulstein:

Av dei i alt 30 fiskefartya var 11 frå Ulsteinvik (inkl.Ulstein), 8 frå Flø, 6 frå Dimna, 4 frå Haddal/Garnes og 1 frå Eiksund. Delar av året er likevel 5-6 farty tilhøyrande utekrinsane stasjonert i kommunesenteret Ulsteinvik.

#### 4.3 Fiskefarty med konsesjonar

##### Hareid:

I denne kommuna hadde fiskefartya i 1993 2 ringnotkonsesjonar, 2 selfangstkonsesjonar, 1 fabrikktrålkonsesjon, 1 kolmulekonsesjon. (Eit rederi har i tillegg hatt aksjeinteresser i ytterlegare ein trålar).

Dei 4 fiskefartya over 13 m som er registrert i kommuna har hatt slik drift: Eit fabrikkskip dreiv trålfiske ved New Zealand (er no komen heim til Noreg), ei selfangstskute som også driv ringnotfiske, har siste åra dreve selfangst i Aust-isen. Ein ringnotsnurpar har også dreve kolmuletråling - og ytterlegare ei selfangstskute har dreve selfangst i Vest-isen.

##### Ulstein:

Av fiskeflåten i Ulstein har ein to havgåande fiskefarty. Ein av desse driv med autoline, og den andre med snurpenot og snurrevad. I tillegg til disse fartya, har kommuna berre eit fiskefarty over 13 m som hovedsakeleg driv reketråling i fjordane - og til slutt har ein sjark brislingkonsesjon.



## 5. FISKEINDUSTRIEN/DEI ENKELTE BEDRIFTENE

Som før nemnt lenger framme i årsmeldinga, har vi fylgjande anlegg i dette distriktet:

- Skaarfish Group A/S, 6063 Hjørungavåg.  
(Mottak av oppdrettsfisk og fryseri for mottak/foredling av sild, makrell m.m.). Dette anlegget har i mange år hatt jamn auke både i motteke fiskeråstoff, foredling, sysselsetting og verdiskaping. Anlegget framstår som eit av dei største fiskemottakanlegga i Møre og Romsdal med over 90 årsverk, og eit motteke kvantum på over 30 000 tonn i 1993.
- Fico A/S, 6060 Hareid.  
(Produksjon av tørrfisk-snacks, klippfisk-spesialitetar og salg av fisk og fiskeprodukt). Dette anlegget har hatt jamn auke i motteke fiskeråstoff, foredling, verdiskaping og salg med eit innkjøp på ca. 120 tonn fiskeråstoff i 1993. Siste året har anlegget teke i bruk større produksjons- og salgslokale.
- Martin Karlsen A/S, 6062 Brandal.  
(Mottak/foredling av selskinn, spekk, brugdelever, småkval, fisk, kveiteoppdrett under oppstarting). På grunn av hetsen mot selfangstnæringa, er det ikkje teke imot og foredla slikt råstoff her siste åra.
- Per Tømmerstøl, 6065 Ulsteinvik, tidlegare tilknytta Skjervøy-anlegget.  
(Salting/krydring og salg av sild og brisling). Aktiviteten er noko nedtrappa siste åra.

## 6. RASTOFFSITUASJONEN/FØRSTEHANDSOMSETNING

Tonn rund vekt. Førstehandsverdi i 1 000 kr.

	Torsk salta	Torsk file	Hyse Sei	Lange Brosme	Laks Aure	Makrell	Sild	Bris ling	Div	Verdi
Hareid:										
1991	22	16	2	1	4900	11000	3600	30	193000	
1992	26	20	2	3	1900	13700	9600	31	113000	
1993	72	43	4	5	800	10600	19900	30	102000	

### Ulstein:

1991							1	1	1	40
1992							1	1	1	40
1993							1	1	1	40

Kjelde: Innhenta opplysningar frå bedriftene og tidligare årsmeldingar.

### Kommentar:

Laksen, litt aure og makrellen som vert oppkjøpt av Skaarfish Group A/S går hovedsakleg til konsum fersk eller frossen, ein liten del av makrellen har vore filitert. Av silda som er oppkjøpt av Skaarfish, vert noko filitert og noko omsett rund, fersk eller frossen.

I Ulstein har Per Tømmerstøl tidlegare teke imot mindre parti av brisling og sild, som har vore salta eller krydra ved Skjervøy anlegget. 4 siste åra er det imidlertid ikkje teke imot og foredla noko ved dette anlegget, då ferdig produsert vare i staden vart oppkjøpt frå andre firma, og solgt på marked som Tømmerstøl hadde opparbeidd.

I diverse inngår ca. 10 tonn ensilasje og innfrysing av ulike fiskeslag ved Skaarfish Group A/S. Her inngår også mindre kvanta av innkjøpt uer, kveite, torsketunger, steinbit, isgalt, kvalkjøt og sild m.m. som vert innkjøpt, foredla og solgt ved Fico A/S.

Ved Martin Karlsen A/S i Brandal, har det ikkje vore teke imot råstoff frå selfangsten siste åra. Dette anlegget forsøker no på nye engasjement innan havbruk. Samstundes vert det vurdert om ein skal ta opp igjen drifta av fiskemottak og -foredling ved anlegget.

På grunn av økonomiske vanskar, vart fiskemottaket på Skjervøy-anlegget i Ulsteinvik stoppa våren 1988, og har derfor ikkje teke imot noko fisk etter den tid. Dette anlegget er no oppkjøpt av nye eigarinteresser, som har reve ned dei eldste bygningane.

Til slutt er torsken som saltfisk-filet og frossen torskefilet, samt litt hyse, brosme, lange og sei m.m. motteke for vidareforedling og salg ved Fico A/S på Hareid. Frå 1992 til 1993 auka dette anlegget sitt mottak av fiskeråstoff til foredling og salg frå ca. 50 tonn til ca. 120 tonn.

Når det gjeld Skaarfisk Group A/S og forventa ressurstilgang av råstoff i tida framover, så burde forholda ligge til rette for å budsjettere med ei lita men avgrensa auke i tilførsel både av oppdrettslaks og sild. Ein burde også kunne forvente noko betre marknadstilgang og svak auke i pris på dei fleste fiskeprodukta, herunder også auka eksport til austblokklanda.

## 6.1 Fangstleveringar utanfor distriktet

Fiskefartya som er heimehøyrande i dette distriktet, har siste åra levert anslagsvis 85-90% av den totale fangsten til mottak i andre kommunar på kysten.

Snurparane leverer noko til sildoljefabrikkane, noko ferskt til konsum (Skaarfisk) og noko blokkfrose til eksport eller til oppdrettsfôr. Fabrikkrålarane leverer oftast på Sunnmøre, men berre unntaksvis til anlegg i dette distriktet (fryselagring). Frå selfangstskutene kunne all fangsten tidlegare mottakast i dette distriktet - men siste åra har også Sunnmørsskutene levert i Tromsø.

Smårekestrålarane og dei minste sjarkane har ofte solgt reka og fisken direkte til forbrukarar ved kai i Ulsteinvik. Både bankfiskebåtane, snurrevadbåtane og sjarkane frå dette distriktet som fiskar med line og garn, har etter 1989 levert all fisken til mottak i andre kystkommunar. Autolinebåten, kystfiskefartya og sjarkane frå dette distriktet har siste åra bragt i land rundt 1 500-1 700 tonn kappa og spretta fisk i året, hovedsakeleg torsk, brosme, lange, sei og hyse. Av dette fiska kyst- og sjarkflåten frå Ulstein ca. 600 tonn. Dette viser at kyst- og sjarkflåten i dette distriktet har eit klart behov for lokale fiskemottak, spesielt i Ulstein.

## 7. HAVBRUK/AKVAKULTUR

### 7.1 Søknader og anlegg i drift

Frå 1983 til 31/12-93 er det sendt inn fylgjande antal konsesjonsøknader frå den respektive kommune:

#### Hareid:

3 konsesjonsøknader settefiskanlegg	(2 innvilga/i drift)
5 konsesjonsøknader matfiskoppdrett	(1 innvilga/utgått)
3 konsesjonsøknader muslingdyrking	(2 innvlg./1 i drift)
3 konsesjonsøknader kveiteoppdrett	(2 innvlg./1 i drift)
1 konsesjonsøknad hummaroppdrett	(1 innvilga)
1 konsesjonssøknad piggvaroppdrett	(1 innvilga)
1 konsesjonsøknad oppdrettsforskn./forsøk	(0 innvilga)

#### Ulstein:

2 konsesjonsøknader settefiskanlegg	(1 innvilga/i drift)
8 konsesjonsøknader matfiskoppdrett	(0 innvilga)
6 konsesjonsøknader muslingdyrking	(5 innvlg./2 i drift)
1 konsesjonsøknad oppdr.forskn.sjukdom	(1 innvilga/utgått)
1 konsesjonsøknad kveiteoppdrett	(1 innvilga/i drift)
1 konsesjonsøknad torskeoppdrett	(0 innvilga)

Av dei omsøkte og innvilga er det berre to anlegg som har vore i seriøs kommersiell drift i 1993. Disse to er settefisk-anlegga Hjørunglaks i Hjørungavåg og settefiskanlegget Fløfisk A/S i Ulstein. Dei to-tre igjenverande muslingkonsesjonane har berre hatt igjen mindre parti med østers. Kveiteoppdrettsanlegga Brandal Havbruk på Brandal i Hareid og Møre Havbruk A/S på Hatløya i Ulstein er i startfasen, men forsøk med kveite har førebels ikkje gitt dei forventa resultat. Settefiskanlegget Brandal Klekkeri (oppkjøpt av Hjørunglaks) har ikkje hatt kommersiell drift i 1993.

Teknisk sett har resultatane med alle settefiskanlegga vore tilfredsstillande. Den sterke aukande etableringa av slike anlegg i slutten av 80-åra metta imidlertid markedet, og medførte avtakande etterspurnad og prisreduksjon på den produserte settefisken. Disse forholda har medført at salgsinntektene av fisk siste åra har vorte vesentleg mindre enn det ein hadde forventa tidligare.

På grunn av dei økonomiske problema måtte Fløfisk A/S nedskrive aksjekapitalen og reise ny aksjekapital med ny konstallasjon i selskapet. Som tidlegare nemnt medførte utbrot av furunkolose at fisken på anlegget sommaren -90 vart neddrepen, anlegget desinfisert og lagt i brakk i påvente av bedre tider. Dette anlegget vart sett i drift igjen med nyinnlagt yngel sommaren-92. Det andre anlegget vart på slutten av året 1990 pressa til konkurs trass brukbart salgsresultat i 1989. Dette anlegget er som tidlegare nemnt no oppkjøpt av ny eigar under namnet Hjørunglaks, som framleis driv anlegget.

Det tredje klekkeriet i Brandal heldt berre så vidt det var "hjula i gang" siste åra. Drifta enda med at også dette anlegget fekk furunkolose sommaren -91, og måtte då drepe ned heile fiskebeholdninga. Dette anlegget er no etter tvangsauksjon oppkjøpt av Hjørunglaks.

Forsøk med blåskjelldyrking og østersproduksjon har mislukkast, mellom anna på grunn av problem med ærfuglen og vanskar med avsetning til tilfredsstillande prisar. Dei første salg av østers har heller ikkje gitt det forventa resultat, på grunn av høgare dødleghet og lengre veksttid enn først berekna. Eit forsøk på produksjon av piggvaryngel har etter gitte opplysningar vore mislukka.

## 7.2 Driftsresultat ved akvakulturanlegg (fiskeoppdrett)

	Produksjon						Verdi 1.000 kr.					
	Matfisk tonn			Settefisk 1.000 stk.			Matfisk			Settefisk		
	Laks	Aure	Div	Laks	Aure	Div	Laks	Aure	Div	Laks	Aure	Div
<b>Hareid</b>												
1991	1	1	1	300	20	1	20	10	1	2000	100	1
1992	1	1	1	140	40	1	10	6	1	1000	310	1
1993	1	1	1	190	50	1	5	7	1	2000	600	1
<b>Ulstein</b>												
1991			1			1			1			1
1992		1	1		210	1		1	1		2000	1
1993		1	1	200	300	1		1	1	2000	2000	1

Kjelde: Innhenta opplysningar frå bedriftene og tidligare årsmeldingar.

Ein gjer merksam på at tabellen berre i grove trekk gir uttrykk for antatt produksjon og verdi av den produserte fisken. Antal fisk og reell salgsverdi for bedriftene kan derfor avvike noko frå dette avhengig av storleiken på settefisk, yngel og prisen dei har oppnådd på sitt salg, herunder verdisetting på grunn av sjukdom, varebeholdning m.m. I kolonne for "Div" inngår østers, andre typar aure enn regnbogeaure, kveite, stamfisk for stryking og "stor settefisk" som grensar opp til matfisk/porsjonfisk.

På side 2 er det på kart over området symbolisert kvar dei største/kommersielle anlegga ligg.

## 8. ANDRE VERKSEMDER - PLANAR OG SAMARBEIDSTILTAK

### 8.1 Interessante hendingar - nyheiter

Uventa reduksjon av tilgjengelege ressursar og redusert kvote på torsk og hyse i slutten av 80-åra, medførte at nokre av dei norske trålarane vart pressa til å reise ut på fjerne farvatn på leiting etter nye fiskeressursar. Ein av disse var fabrikktrålararen "Tampen" frå Hareid, som har dreve trålfiske ved New Foundland i 3-4 år før han måtte avslutte og kom heim igjen i oktober-93. Første heile driftsåret ved New Zealand fiska "Tampen" for ca. 66 mill.kr. som var eit svært godt resultat. Fleire båtar og auka fangstinnsats gjorde at prisane på fisken gjekk nedover. Ytterligere prisreduksjonar på fiske, fryselagring og auka konsesjonsavgifter til New Zealand medførte etter kvart at det vart uråd å oppnå rekningsssvarande drift utover 1993. Nokre av dei norske fabrikktrålarane som tok del i fiske vart no solgt og andre la stilt i påvente av bedre tider. Av disse fann "Tampen" det rettast å avslutte fiske ved New Zealand for deretter å kome heim igjen til Noreg. Etter konstallasjonsendring i selskapet tek fabrikktrålararen no del i fiske på sine ordinære kvoterettigheitar.

Ein vil også ta med nokre ord om bedrifta Skaarfish Group A/S i Hjørungavåg som vart oppkjøpt av tidlegare eigarar for 5-6 år sidan. Dei nye eigarane la om drifta frå klippfiskproduksjon til mottak og foredling av makrell, oppdrettsfisk og sild. Noko forenkla kan ein seia at denne bedrifta har auka sysselsettinga med rundt 8-10 personar pr. år frå 1988 til 1993 - og sysselset no over 90 årsverk på anlegget. Tilsvarande har kvantum av oppkjøpt fiskeråstoff på førstehandsomsetning auka år for år, og passerte 30 000 tonn i 1993. Årsomsetninga ved dette anlegget har siste åra leie i område 310-370 mill. kr. Anlegget framstår i dag som eit av dei største fiskemottak- og foredlingsanlegga vi har i Møre og Romsdal.

Nemnast skal også det gode fangstresultatet som autolinebåten "Karl Vadøy" har oppnådd etter at fartyet vart sett i drift som nytt for 5-6 år sidan.

Ein vil også ta med at distriktet i slutten av 1992 fekk tilvekst i havfiskeflåten, då ein ca. 20 m kombinert snurpar/snurrevadbåt vart registrert i Ulstein kommune.

Forsøksfiske etter skolest og vassild i Storfjorden sommaren -92, viste at fjordsystemet truleg har kommersielt ressursgrunnlag for eit fåtal båtar.

Fleire kystfiskefarty som periodevis har lagt om til breiflabbfiske med garn, har gjort det brukbart på grunn av til dels gode prisar både på hale og heil fisk.

Til slutt vil vi i negativ retning måtte beklage at vi som lokale fiskerimyndigheiter såg oss tvinga til å oppretthalde tilrådinga om formell "innsigelse", i samband med eit reguleringsforslag der fiskerinæringa i Ulstein har vore pressa til å avstå fiskeriregulert areal ved fiskerikaia.

## 8.2 Aktuelle prosjekter - samarbeidstiltak - prioriteringar

### Hareid:

I tettstaden Hareid bør ein sikre seg at fiskerihamna og strandområda får landareal til fiskeriinteressene - og veksten i lystbåtflåten og kommunikasjonstrafikken bør ikkje få pressa ut fortrinnsretten som fiskarane har til bruk av hamna. Den planlagte utbygginga av containerterminalen bør få høg prioritet. Godkjenninga av lineegnesentralen bør behaldast og aktiviserast - og nye moglege byggetekniske løysingar bør vurderast. Det bør støttast opp om konsesjonsøknader for etablering av landbasert fiskeriverksemd og akvakulturanlegg i utkanten av sentrums-området. Forholda bør leggast til rette slik at Fico A/S får utvide si fiskeforedlingsverksemd. Vår representasjon av fiske og fangst på fjerne farvatn, bør støttast med den kontakt og positive medvirkning som er mogleg.

I Hjørungavåg bør ein støtte opp om ei framtidsretta og ekspansiv utvikling i fiskemottak og foredling av høgverdige konsumvarer ved Skaarfish Group A/S, herunder så langt mogleg medvirke til å bedre vassforsyninga til anlegget. Så langt vasskapasiteten og vasskvaliteten frå Hjørungdalsvatnet strekk til, bør ein legge forholda best mogleg til rette slik at Hjørunglaks får verta ei framtidsretta akvakulturbedrift både ved klekkeriavdelinga og ved sjøanlegget i Vartdalsfjorden. Som kjent frå fiskerirettleiaren sitt kart- og planarbeid i akvakultur, er Leirvågen truleg eit av dei beste områda kommunen har for lokalisering av eit større fiskeoppdrettsanlegg. Ein må difor støtte opp om planregulering av matfiskanlegg både i dette området, og på andre aktuelle stadar. Ved Vartdalsfjorden på Alme er det i kystsonenplanen godkjent to ikkje til no nytta oppdrettslokalitetar - og disse bør takast i bruk så snart prioriterte oppdrettarar har moglegheit for å få godkjendte landtilknytte konsesjon på lokalitetane.

I Brandal bør ein med hovedvekt på fiskerinæringa prioritere planlegging og bygg av landbasert verksemd i fiskerihamna. Dersom selfangstnæringa snarast ikkje vert trappa opp igjen, så bør ein fortsette "jakta" på aktuelle produksjonsaktivitetar i fiskerinæringa som kan nytta det store anlegget til Martin Karlsen A/S, herunder støtte opp om kveiteoppdrettsverksemda til Brandal Havbruk. Aktuelle planar og utbygging av forsøksanlegg for Brandal Aqua A/S, bør støttast så langt vasskapasiteten og forholda ved sjøanlegget gjer det forsvarleg. Det bør framleis vera eit mål å få etablert eit konvesjonelt fiskemottak i kommunen - og dette kan i så fall leggast til Brandal, evt. i samarbeid med ein service- og lineegnesentral.

## Ulstein:

I tettstaden Ulstein bør ein prioritere fiskerirelatert aktivitet ved Skjervøy-anlegget, Mylna og ved fiskerikaia. I denne samanheng er det ønskjeleg å få fiskemottak, samt leveranse av is og agn saman med olje og vatn i dette området. Eit ønska rekneskaps- og servicekontor med brei kompetanse og perfeksjon for fiskerinæringa, kan gjerne leggjast til region-senteret Ulsteinvik.

Reiselivsnæringa sin bruk av Ulsteinvik fiskerihamn bør begrensa innanfor godkjende avtalar med fiskarlaget, hamne-styret, Kystverket og fiskerimyndigheitene. Kveite-oppdrettsanlegget på Hatløya bør støttast og utbyggast for å medvirke til å oppretthalde arbeidsplassar og busetting på øya.

På Flø ser ein svært positivt på utbygginga av fiskerihamna, og håper fiskeriaktiviteten framover vil auke. Den knuste moloen må reparerast, innløpet og hamna bør mudrast, og ein må reservera areal til fiskerirelaterte bedriftsaktivitetar. Reiselivsnæringa sin bruk av Flø fiskerihamn bør begrensa innanfor godkjende avtalar med fiskarlaget, hamnestyret, Kystverket og fiskerimyndigheitene. Så langt vasskapasiteten strekk til bør ein leggja forholda best mogleg til rette, slik at settefiskanlegget Fløfisk A/S får fortsette si verksemd som ei allsidig framtidsretta og ekspansiv akvakulturbedrift. Ein burde også vurdere om dette anlegget i meir formalisert samanheng kunne nyttast til ekstern undervisning i oppdrett for elevar ved dei vidaregåande skulane og ungdomsskulane i distriktet.

Når det gjeld dei mindre krinsane så har ein ingen spesielle prosjekt som peikar seg ut. Forholda for ulike akvakultur-verksemder synest imidlertid gode i store delar av fjord-systema, spesielt ved Eiksund i Vartdalsfjorden. Ein bør derfor støtte opp om eit forsvarleg antal slike anlegg i dei aktuelle områda. Det er også aktuelt å vurdere om krabbefiske med teiner i Eiksund-området kan gi grunnlag for meir kommersielt fiske for yrkesfiskarar.

Med den relativt store sjarkflåten kommuna har, er det behov for eit fiskemottak. Dersom hamneinnløpet ved Flø-hamna vert utbetra og moloen reparert, så kan ein vurdere etablering av eit slikt mindre fiskemottak her, alternativt bør ein støtte eventuelle planar om å gjenoppta fiskemottaket ved Skjervøy-anlegget eller ein annan stad i kommuna. Med den lokale sjarkflåten som kan levere god fersk kvalitetsfisk og krabbe, kunne ein alternativt forsøkt drift av ein "fiskelandingshall" i nørområdet til regionssenteret Ulsteinvik. I samband med etablering av ein slik hall, burde ein også ha ei regional-dekkande fiskematforretning med stort utvalg i havprodukter, gjerne kombinert med oppbevaring av levande fisk og krabbe i kummar.



På bakgrunn av det som her er sagt, vil ein rå til at disse samarbeidstiltaka vert prioritert:

1. Finne ny eller gjenoppta den fiskeriretta verksemda ved fiskerikaia, Skjervøy-anlegget og Mylna for å oppretthalda fiskerimiljøet i Ulsteinvik, herunder forlenge den påbegynte moloen og etablere fiskeforedlingsanlegg eller fiskelandingshall.
2. Planlegging og utbygging av fiskerirelaterte verksemder ved fiskerihamna i Brandal, herunder finna ny eller gjenoppta selfangst- og fiskeriaktiviteten ved Martin Karlsen-anlegget.
3. Støtte opp om tiltak og ta del i aktuelle opplegg for møte, kurs og undervisning som kan spreie informasjon og kunnskap om fiskerinæringa, herunder kunne eit ønska rekneskaps- og servicekontor med brei kompetanse og perfeksjon i fiskerinæringa gjerne leggest til region-senteret Ulsteinvik.
4. Generelt legge stor vekt på arbeid med potensielle fram-tidsretta konsesjonar, kreditt-tilgang og utbygging av akvakulturanlegg, herunder forsøksstasjon for landbasert oppdrett i Brandal.
5. Reparere den knuste moloen, mudre hamn og innløp - og fylgje opp den fiskerirelaterte aktiviteten og areal-planarbeid ved fiskerihamna på Flø, herunder stø ei positiv utvikling ved Fløfisk A/S.
6. Ivareta fiskerinæringa sine interesser ved å ta del i arbeid, handsaming og forvaltning av kystzoneplanar og fiskeriplanar i distriktet, herunder arealreservere aktuelle områder både på land og sjø.
7. Medvirke til å bedre samarbeidet mellom aktuelle organ og etatar, herunder spesielt Fiskeridirektoratet's Kontroll-verk og Havbruksveterinæren ved Sunnmøre Fiskehelse-teneste/næringsmiddelkontrollen.
8. Ta aktivt del for å hindre at merkeregistrerte fiskefarty vert "bortpressa" av fritidsflåten i fiskerihamnene og på fiskefelta.
9. Stille seg positiv til den planlagte containerterminalen på Hareid - og støtte opp om tiltak for auka ferskvass-tilførsel og aktuelle utvidingsplanar ved Skaarfish Group A/S sitt fiskemottak- og foredlingsanlegg i Hjørungavåg, herunder også mottak av fisk frå sjark- og kystflåten.
10. Så langt mogleg halda kontakt og medvirke positivt til dei som vil forsøke fiske på nye fiskeslag, herunder også fiske og fangst på tilgjengelege ressursar i fjerne farvatn.

### 8.3 Krisehandteringar - kystoppsyn - seismisk kalibrering

I samband med forureining, algeoppblomstring, oljelekkasje frå fiskefarty, stormskadar, militær beredskap, kartlegging, synfaring, kontrolloppdrag og rømming av oppalsfisk - har fiskerikontoret teke del i arbeid som Fiskerisjefen har administrert. Ved algeoppblomstring har ein teke sikte-  
djupprøver og sendt inn sjøprøver til analyse. I samband med forlis av farty med fare for oljeforureining, har ein vorte sett i ekstraordinært beredskap. Fiskerirettleiaren har i slike høve vorte kontinuerleg og godt underretta gjennom sitt samarbeid med Fiskerisjefen i Møre og Romsdal.

I samband med oppsynet for vårtorskefisket, har fiskerikontoret teke imot innmelding, gitt rettleiing og informasjon, og sendt ut føresegner og reglar i samband med fiske.

Storfjorden på Sunnmøre er ettertrakta og godt egna for kalibrering av seismisk utstyr på norske og utenlandske oljeleitingsfarty. Fiskerirettleiaren har hatt det praktiske ansvaret for mottak av slike søknader, handsaming og klarering av løyver, samt overvåking og kontroll med at dette arbeidet ikkje skadar fiskerinæringa sine interesser. Dette arbeidet har tidvis vore kontroversielt og hatt stor interesse for pressedekninga. Subjektive og kjenslelada meiningar om skadeverknadane frå luftkanonskytinga, har ikkje hindra eit godt og tenleg samarbeid med fiskeoppdrettarar, fiskeforedlingsanlegg, brønnbåtar og fiskarar i området. Under slikt seismisk kalibreringsarbeid, er det alltid ein fiskerikyndig person ombord. I enkelte høve har fiskerirettleiaren sjølv vore ombord i dei seismiske-fartya inne i Storfjorden. Før luftkanonskytinga tek til, vert området opplodda for å sikre seg at det ikkje er pelagisk fisk, fiskereiskap eller fiskefarty i området. I dei perioder på året torsk og sild kjem på gytevandring inn i fjorden, vert det normalt ikkje gitt løyve til slikt seismisk testarbeid. Fiskerirettleiaren har relativt grundige registrerings- og kontrollnotatar frå dette arbeidet, som vert innsendt tenestevegen til Fiskerisjefen, Fiskeridirektoratet og Havforskningsinstituttet. Det er grunn til å vurdere om kontrollen og avgrensinga med slikt seismisk kalibreringsarbeid i Storfjorden må innskjerpast, dersom det i framtidige perioder skal drivast aukande kommersielt fiske etter skolest, vassild, breiflabb og andre fiskeartar i området.

I samband med det arbeidet som er nemnt ovanfor, har fiskerirettleiaren også hatt det praktiske ansvaret med forespurnad og klarering av løyve for tråltesting (med åpen sekk) i Storfjorden og Vartdalsfjorden.

#### 8.4 Kystsoneplanlegging - handlingsplan for fiskerinæringa

I Hareid kommune er det utarbeidd kystsoneplan, der fleire aktuelle områder er regulert til fiskeoppdrett og sjøretta industri m.m. Fiskerikontoret har teke del i arbeidet med denne planen, som også har fått si handsaming med vedtak i fiskerinemnda. Sidan denne kommuna beklagelegvis enno ikkje har fått nokon matfiskkonsesjon for lakseoppdrett, har ein i dag to-tre regulerte og godkjende lokalitetar som ikkje er tekne i bruk.

(Sidan fleire kommunar har problem med å finne eigna generasjonslokalitetar, burde ein i større grad kunne gi dispensasjonsløyve til flytting av anlegg over kommunegrensar til det beste for alle partar).

I Ulstein kommune har ein med få unntak førebels berre avgrensa reguleringsplanar og sone-planar for strandsonene og sjøområda. Fiskerikontoret har tidlegare teke del i utarbeidinga av disse planane. Sone-planane er i hovudregelen ikkje rettsleg bindande, og krev difor normalt reguleringsgodkjenning før nærings- og industriforetak kan etablerast. Dette saman med ynskje frå enkelte hold om å styrke fiskerinæringa i Ulstein, var bakgrunnen til at kommuna i 1991 gjorde vedtak om å utarbeide ein "handlingsplan for fiskerinæringa".

Kommunestyret oppnemnde eit utval som fekk slikt mandat:

"Utvalet skal utrede fiskerinæringa sin plass i Ulstein kommune i dag og i åra framover. Dette gjeld særskildt slike områder som areal, flåtestruktur, mottaks- og støtteapparat og sysselsetting. I tillegg til ein langsiktig plan må det og utarbeidast eit kortsiktig handlingsprogram. Planarbeidet må ta utgangspunkt i handlingsplan for fiskerinæringa i Møre og Romsdal, og kommunen sine overordna planforesetnader som vil ligge føre i april" (april-91).

Utvalet si faggruppe vart samansett av representantar frå: dei lokale fagorganisasjonar, hamnestyre, fiskerinemnda, kommunestyret, Møreforskning, fiskerirettleiaren og ein representant (sekretar) frå rådmannskontoret. Det var venta at dette utvalet skulle legge fram resultatet av fiskeriplanarbeidet i løpet av 1992. Arbeidet med denne planen gjekk imidlertid tregare enn forventet.

I kommunestyremøte den 27/5-93 vart planen godkjent med slikt samrøystes vedtak i sak 66/93:

"Ulstein kommune godkjenner Fiskeriplan for Ulstein kommune slik den ligg føre. Planen vert retningsgjevande i enkeltsaker og vert å innpasse i kommuneplanen. Konkrete tiltak som er tilrådd i planen, vert å ta opp til avgjerd i eigne saker."

## 8.5 Fiskerihamnene

I dette distriktet er disse hamnene klassifiserte som fiskerihammer.

### Hareid:

Hjørungavåg fiskerihamn, Hareid fiskerihamn og Brandal fiskerihamn.

### Ulstein:

Flø fiskerihamn og Ulsteinvik fiskerihamn.

Alle disse fiskerihamnene er i følge NOU 1990:29 (jfr.St.m.nr.44 1992-93) førebels klassifiserte som D-hammer. Ut frå det store anløp av fiskebåtar som leverer fisk ved Skaarfish Group A/S, er det god grunn til å vurdera om statusen til Hjørungavåg fiskerihamn burde hevast frå D-hamn til C-hamn. Elles merkar ein seg at kommunikasjons- trafikken (fergene og hurtigbåten) legg beslag på store delar av Hareid fiskerihamn. Fritids, kultur- og rekreasjons- interessene presser seg på i alle hamnene - og reiselivs- næringa har spesielt store interesser i bruken av Flø fiskerihamn og Ulsteinvik fiskerihamn. Presset frå disse gruppene gjer det etter kvart vanskelegare for yrkesfiskarane å nytte den fortrinnsrett dei skal ha til bruk av fiskerihamnene.

Under stormperioda i januar -93, vart brystvern og store delar av søre molo på Flø fiskerihamn skada. Det er planen at Kystverket skal reparere denne skaden til sommaren -94.

Brandal fiskerihamn vart mudra våren-93.

I dette distriktet er det i dag berre ei av disse hamnene Kystdirektoratet har klarert for vidare utbygging. Dette er Ulsteinvik fiskerihamn der det er planlagt utbygt ein molo som er kostnadsrekna til 7,4 mill. kr. Realiseringa og utbygginga av denne moloen forutset at fiskerinæringa sine interesser i området skal prioriterast. Dersom alt går etter planen kan denne moloen verta påbegynt i løpet av 1994.

Når det gjeld antal fiskefarty lokalt tilhøyrande den enkelte hamn, så viser ein til tidlegare omtale i kapittel 4.2.

## 8.6 Fiskeriutdanning

I dette distriktet har ein ikkje oppretta konkrete valfag for "fiskerinæringa" i ungdomsskulen, eller line for "fiskerinæringa" i den vidaregåande skulen. Ungdomsskulane og den vidaregåande skulen har derimot hatt timar med yrkesrettlegg om fiskerinæringa, og i valfag har ein i enkelte høve hatt sjømannskap, sjøvettsreglar, seiling m.m. I tillegg til dette har ein hatt opplegg for VHF-kurs (telefoni) og båtførarkurs, samt kursopplegg for å avlegge Kystskipper-eksamen.

Nabokommuna ved Herøy vidaregåande skule har line for 1-årig grunnkurs i fiskerifag.

I Ålesund kan ein ta høgare utdanning ved Fiskeriteknisk Høgskule.

Det hadde vore ønskjeleg å få oppretta valfag i "fiskerinaringa" ved ungdomsskulane i Hareid og Ulstein, samt line eller moglegheiter for å ta enkeltfag ved Ulstein vidaregåande skule.

### 8.7 Finanssaker - Statens Fiskarbank m.fl.

I dei fleste finans- og kredittsaker der offentleg kredittinstitusjonar er involvert, vert fiskerikontoret på eit eller anna tidspunkt bragt inn i søknads- og vurderingsprosedyra. Dette gjeld spesielt Statens Fiskarbank i samband med søknader om lån, kontraheringstilskot, byggelånstilskot, rente- og avdragsutsettelsar for fiskefarty m.m. Medlemmane i fiskerinemnda er tillitsmenn for Statens Fiskarbank. Fiskerirettleiaren forbereder og innstiller på sakene, som deretter vert forelagt fiskerinemnda for nærare vurdering, før dei vert oversendt til banken. I kurante saker vert det praktisert "minimøte" der ein umiddelbart kallar inn formannen eller eit medlem til handsaming av søknader. Slik hurtig sakshandsaming vert alltid protokollført og referert for ei vedtaksfør fiskerinemnd på førstkomande fiskerinemndsmøte. Såvel fiskerinemndsmedlemmane, yrkesutøvarane og Statens Fiskarbank har stilt seg positiv til ei slik hurtig og effektiv sakshandsaming.

I tillegg til dette vert fiskerikontoret i dei fleste høve kobla inn i samband med søknader til Statens nærings- og distriktsutviklingsfond (ex. DUF), og andre offentlege kredittinstitusjonar som fiskerinaringa sine utøvarar nyttar.

### 8.8 Garantikassa for fiskarar

Garantikassa for fiskarar har sine kontor i Trondheim, der dei m.a. har administrert ordningane med "garantilott" (minstelott), "arbeidsledigheitstrygd", "feriepengar", refusjon av "pakke-forsikringa" og "mineraloljeavgift".

Garantilotten skal som hovedregel omfatte fiskarar på fiskefarty som har dreve eit effektivt fiske.

Utbetaling av evt. garantilott for feilslått fiske vart tidlegare utregna på bakgrunn av C-skjema, som skulle innsendast til Kommunekasseraren og Garantikassa for kvar garantiperiode (4 mnd.). Nye skatte- og avgiftsreformer medfører at C-skjemaet no skal bytast ut med "Terminer for fiske og fangst", som skal fyllast ut og innsendast til faste 2-månadlege terminar. Frå 1/1-94 er Garantikassa si garantiperiode utvida frå 4 til 6 mnd (2 garantiperioder i året)

Arbeidsledigheitspengar kan fiskar etter innsendt søknad få utbetalt når fartyet er sett ut av drift f.eks. ved forlis, havari, salg av farty, arbeidsledigheit etter militære og sjukemeldingsperiode m.m.

Feriepengar har normalt vorte utbetalt til fiskar på bakgrunn av registrert driftstid på C-skjema, og inntrekt ferieavgift. Ordninga med feriepengar til fiskarane er avvikla og oppheva med virkning frå 1/1-94.

Hovedregelen for å få utbetalt slike sosiale rettigheter, er at fiskaren må stå på blad B i fiskarmanntalet.

I tillegg til arbeidet med fiskarmanntalet, vert fiskerikontoret ofte kobla inn i samband med problem yrkesutøvarane har med sine sosiale rettigheter i Garantikassa.

## 8.9 Kort om fiskerikontoret

Ein har eit lite -, men godt utstyrt fiskerikontor på 25-30m<sup>2</sup> i Hareid rådhus. Kontoret har m.a. PC, direkte telefax-linje og modem-linje på data.

I slutten av november -92 vart distriktskontoret i Ulstein nedlagt og avvikla etter pålegg frå Fiskeridirektoratet. Samstundes fekk ein ordna med nødvendig auke i lagerplass og fjernarkiv ved kontoret på Hareid rådhus. Frå dette kontoret betjener ein no fiskerinæringa i Hareid og Ulstein.

Etter dagboknoteringar var 378 personar i løpet av 1993 innom kontoret for å få rettleiing, informasjon og hjelp. Av telefon-spurnadane kjem fleire og fleire utanfrå tenestedistriktet.

Brevjournalane viser at det i 1993 er innkome 1 404 brev og saker, handsama og utsendt tilsvarende 883.

I løpet av året har det vore avholdt 4-5 "vedtaksføre" fiskerinemndsmøter pluss 7-8 "minimøter", der det er handsama 19-20 saker og 20-30 "minimøtesaker/referatsaker" i kvar av fiskerinemndene.

I tillegg til valgte verv i fagorganisasjonen og verneombud for Fiskeridirektoratet i Møre og Romsdal - har fiskerirettleiaren ofte teke del i møter til fiskarlag, hamnestyremøter, møter i teknisk styre, fiskeriplanmøter, møter som vedkjem reguleringsplanar, synfaringar, teneste-reiser og kontrolloppdrag m.m.

I 1993 har fiskerikontoret vore betjent av:

Fiskerirettleiar Jan-Petter Mork.

Kontorfullmektig Anette Liavåg frå 1/1 til 30/4.  
(80% engasjement).

Kontorfullmektig Doris Høybakk frå 30/4 til 3/6.  
(80% engasjement).

Kontorfullmektig Susanne Løset frå 18/8 til 31/12.  
(80% engasjement).

Frå 1/1-94 kontorfullmektig Susanne Løset (85% engasjement).

Kontorhjelpa ein har hatt har i hovedsak vore engasjert med "midlar" frå arbeidskontoret.

Det er utan vidare heilt klart at fiskerikontora, med alle dei oppgåver ein er tillagt, ikkje kan fungere tilfredsstillande utan at fiskerirettleiaren har kontorhjelp.

#### 8.10 Forvaltninga - reformer i fiskerinæringa

For tida vert det arbeid med reformplanar der ein m.a. vurderer eit nærare samarbeid i ytre etat mellom rettleiingstenesta og Fiskeridirektoratets Kontrollverk, evt. på sikt med full samanslåing til ein ytre etat.

Innsatsen på ressurskontroll skal styrkast - og administrativ handsaming av saker har auka.

Samstundes vurderer ein kva rolle dei noverande fiskeripolitiske organ (fiskerinemnda og fiskeristyre) skal ha i framtida.

**VEDLEGG A**

**Medlemmer i fiskerinemndene og nokre andre organ**

**HAREID fiskerinemnd:**

Johs. J. Hareide, leiar  
Else Karlsen, nestleiar  
Leif Korsnes  
Sølvi Bjåstad  
Sigvart Breivik

**Varamedlemmer i rekkefylgje:**

1. Walter Ø. Jenssen  
2. Jarle Sørheim  
3. Nils Pilskog  
4. Else Dimmen  
5. Else Grimstad

(trygdesjefen tiltrer fiskerinemnda ved handsaming av fiskarmanntalet)

**Hareid hamnestyre: (ekskl. varamedlemmer)**

Jan Skrede, leiar  
Oleif Eiken, nestleiar  
Walter Ø. Jenssen  
Svein Korsnes  
Andreas Langenes  
Bjørn Marø  
Roger Korsnes

**Takstnemnd Statens Fiskarbank: (ekskl. varamedlemmer)**

Johs J. Hareide, leiar  
Else Karlsen  
Angell Brandal

I tillegg til dei politiske folkevalgte har ein

**Hareid fiskarlag:**

Roar Hareide, leiar  
Walter Ø. Jenssen, sekretær

**Merkelovens tilsynsmann:**

Jan-Petter Mork  
(fiskerirettleiaren)

**Hadarøy fiskeoppdrettslag**

Jarle Sørheim, leiar  
Karen Toppol, sekretær

**Havbruksveterinær:**

(Sunnmøre Fiskehelseteneste)  
Leif Årflot



**ULSTEIN fiskerinemnd:**

Arne Høyvik, leiar  
Borghild Petersen, nestleiar  
Eivind Ulstein  
Snefrid Kleiven  
Jan Kristian Skeide

**Varamedlemmer i rekkefylgje:**

1. Steinar Dimmen  
2. Oddbjørn Ringstad  
3. Laila Midtflø  
4. Norleif Våge  
5. Anne Margrete Haddal

(trygdesjefen tiltrer fiskerinemnda ved handsaming av fiskarmanntalet)

**Ulstein hamnestyre: (ekskl. varamedlemmer)**  
Er tillagt hovudstyre for teknisk sektor.

Jan Berset, leiar  
Reidar Vågeskar, nestleiar  
Inge Eidem  
Karen Randi Festøy  
Jarle Nygjerde  
Gerd Fjellanger  
Eivind Ulstein

**Takstnemnd Statens Fiskarbank: (ekskl. varamedlemmer)**

Arne Høyvik, leiar  
Hallgeir Løseth  
Eli Døving Oksavik

I tillegg til dei politisk folkevalgte har ein

**Ulstein fiskarlag:**

Leif Midtflø, leiar  
Svein Eldar Urvik, sekretær

**Merkelovens tilsynsmann:**

Jan-Petter Mork  
(fiskerirettleiaren)

**Hadarøy fiskeoppdrettslag**

Jarle Sørheim, leiar  
Karen Topphol, sekretær

**Havbruksveterinær:**

(Sunnmøre Fiskehelseteneste)  
Leif Arflot


**Ulstein fiskarkvinnelag:**

Karin Svendsen Holstad, leiar  
Ester Flø, sekretær


# SJØVANNSTEMPERATUR I SULAFJORDEN

VED BRANDAL OG I VARTDALSFJORDEN 1979 - 1990

Gjennomsnittsmålingar



Avvik i spesielle periodar: inntil +/- 2°C



VEDLEGG C

30

HEISSAFJORDEN

BREISUNDET

S U L A

62° 25'


SULEFFJORDEN



NORSKE KYST

HOLMEN-ÅLESUND

Målestokk 1 : 50000



on Konstr. par. 62° 20'

Sjømåling 1944 - 1964

STAVANGER 1966

ANMERKNINGER

seg til springlevann. Sterk prikking viser område  
vann. Lettere prikking viser utbyden er mindre  
vder på land er i meter over daglig høyvann.

- ⚓ anker- og fortøyningsbøye
- ⚓ fortøynings- eller merkeleier
- ⚓ ankerplass for større fartøyer
- ⚓ ankerplass for mindre fartøyer
- ⚓ sjømerke (båke, varde, mast)
- ⚓ synlig vrak
- ⚓ vrak farlig for seiløsen
- ⚓ vrak ufarlig for seiløsen
- (seiløp). Strek betyr 1 meter, prikk 0,5 meter.

est, Fm tarmarkelser, gn, g grøn, h hvit, hv hvort,  
med, mk mørk, r rød, Sek sekund, vks vokslende,  
n, g grav, Gs gress, Gr gras, L leire, S sand,  
Sk skjell, SI søle, St stein.  
var, RS redningsstasjon, RG radiopilestasjon,  
ca, VS varvarestasjon,  
luftspenn med angitt høyde i meter over høyvann,  
kabel og undervannsledning.

REDUKSJONSTABELL

FAVNERI	METER (FAVNERI)
1/6	20,71 11 5,84
1/3	22,59 12 6,38
1	24,47 13 6,91
2	26,35 14 7,44
3	28,24 15 7,97
4	30,12 16 8,50
5	32,00 17 9,03
6	33,88 18 9,56
7	35,76 19 10,09
8	37,64 20 10,62
9	39,52 21 11,15
10	41,40 22 11,68
15	47,25 24 12,84
20	53,10 26 14,00
30	64,95 29 16,24
40	76,80 32 18,48
50	88,65 35 20,72
60	100,50 38 22,96
70	112,35 41 25,20
80	124,20 44 27,44
90	136,05 47 29,68
100	147,90 50 31,92
150	171,75 57 37,68
200	195,60 64 43,44
300	239,40 77 53,16
400	283,20 90 62,88
500	327,00 103 72,60
600	370,80 116 82,32
700	414,60 129 92,04
800	458,40 142 101,76
900	502,20 155 111,48
1000	546,00 168 121,20

METER (FAVNER) I METER (FAVNER)

6° 00'

62° 20'


6° 10'

VARTDALSFJORDEN

FJORDEN

EGGESBØNESSTRØMMEN

MED



# DEN NORSK HAUGSHOLMEN-

Målestokk 1 : 500

Mercators projeksjon

Sjømåling 1944 - 1  
STAVANGER 1

### ANMERKNING

Alle dybder refererer seg til springlavvann, som faller bort ved lavvann. Lettere prikkir enn 0,5 meter. Høyder på land er i meter.

\* skvalpesjorner      an-  
 → båt eller grunne      an-  
 | | svart stak      an-  
 | | rød stak      an-  
 | | svart og rød stak      an-  
 | | jernstang (-støyle)      an-  
 ○ ○ fyr, lykt      an-  
 ⊕ radiostasjon      an-  
 — ledstrøk (seilop). Strek bet-  
 ① Losstasjon

Lykter: Bl blink, f fest, Fm torkarakterer, s  
 Kl klipp, m med, mk mørk, r rød,  
 Bunn: F fjell, f in, g grov, Gs gress,  
 Sg singel, Sk skjell, Sl slette, St-  
 B båke, LS loskator, RS redningsstas  
 RC radiolykt, V verdt, VS varvareisetas.  
 ... lufsspenn med angrit r  
 ... kabel og undervannstet-

REDUKSJONSTAE	
METER:FAVNER	METER
0,31	1/3
0,34	3/8
0,37	1/2
0,40	2/3
0,43	3/4
0,46	1
0,49	1 1/8
0,52	1 1/4
0,55	1 1/2
0,58	1 3/4
0,61	2
0,64	2 1/4
0,67	2 1/2
0,70	2 3/4
0,73	3
0,76	3 1/4
0,79	3 1/2
0,82	3 3/4
0,85	4
0,88	4 1/4
0,91	4 1/2
0,94	4 3/4
0,97	5
1,00	5 1/4
1,03	5 1/2
1,06	5 3/4
1,09	6
1,12	6 1/4
1,15	6 1/2
1,18	6 3/4
1,21	7
1,24	7 1/4
1,27	7 1/2
1,30	7 3/4
1,33	8
1,36	8 1/4
1,39	8 1/2
1,42	8 3/4
1,45	9
1,48	9 1/4
1,51	9 1/2
1,54	9 3/4
1,57	10
1,60	10 1/4
1,63	10 1/2
1,66	10 3/4
1,69	11
1,72	11 1/4
1,75	11 1/2
1,78	11 3/4
1,81	12
1,84	12 1/4
1,87	12 1/2
1,90	12 3/4
1,93	13
1,96	13 1/4
1,99	13 1/2
2,02	13 3/4
2,05	14
2,08	14 1/4
2,11	14 1/2
2,14	14 3/4
2,17	15
2,20	15 1/4
2,23	15 1/2
2,26	15 3/4
2,29	16
2,32	16 1/4
2,35	16 1/2
2,38	16 3/4
2,41	17
2,44	17 1/4
2,47	17 1/2
2,50	17 3/4
2,53	18
2,56	18 1/4
2,59	18 1/2
2,62	18 3/4
2,65	19
2,68	19 1/4
2,71	19 1/2
2,74	19 3/4
2,77	20
2,80	20 1/4
2,83	20 1/2
2,86	20 3/4
2,89	21
2,92	21 1/4
2,95	21 1/2
2,98	21 3/4
3,01	22
3,04	22 1/4
3,07	22 1/2
3,10	22 3/4
3,13	23
3,16	23 1/4
3,19	23 1/2
3,22	23 3/4
3,25	24
3,28	24 1/4
3,31	24 1/2
3,34	24 3/4
3,37	25
3,40	25 1/4
3,43	25 1/2
3,46	25 3/4
3,49	26
3,52	26 1/4
3,55	26 1/2
3,58	26 3/4
3,61	27
3,64	27 1/4
3,67	27 1/2
3,70	27 3/4
3,73	28
3,76	28 1/4
3,79	28 1/2
3,82	28 3/4
3,85	29
3,88	29 1/4
3,91	29 1/2
3,94	29 3/4
3,97	30
4,00	30 1/4
4,03	30 1/2
4,06	30 3/4
4,09	31
4,12	31 1/4
4,15	31 1/2
4,18	31 3/4
4,21	32
4,24	32 1/4
4,27	32 1/2
4,30	32 3/4
4,33	33
4,36	33 1/4
4,39	33 1/2
4,42	33 3/4
4,45	34
4,48	34 1/4
4,51	34 1/2
4,54	34 3/4
4,57	35
4,60	35 1/4
4,63	35 1/2
4,66	35 3/4
4,69	36
4,72	36 1/4
4,75	36 1/2
4,78	36 3/4
4,81	37
4,84	37 1/4
4,87	37 1/2
4,90	37 3/4
4,93	38
4,96	38 1/4
4,99	38 1/2
5,02	38 3/4
5,05	39
5,08	39 1/4
5,11	39 1/2
5,14	39 3/4
5,17	40
5,20	40 1/4
5,23	40 1/2
5,26	40 3/4
5,29	41
5,32	41 1/4
5,35	41 1/2
5,38	41 3/4
5,41	42
5,44	42 1/4
5,47	42 1/2
5,50	42 3/4
5,53	43
5,56	43 1/4
5,59	43 1/2
5,62	43 3/4
5,65	44
5,68	44 1/4
5,71	44 1/2
5,74	44 3/4
5,77	45
5,80	45 1/4
5,83	45 1/2
5,86	45 3/4
5,89	46
5,92	46 1/4
5,95	46 1/2
5,98	46 3/4
6,01	47
6,04	47 1/4
6,07	47 1/2
6,10	47 3/4
6,13	48
6,16	48 1/4
6,19	48 1/2
6,22	48 3/4
6,25	49
6,28	49 1/4
6,31	49 1/2
6,34	49 3/4
6,37	50
6,40	50 1/4
6,43	50 1/2
6,46	50 3/4
6,49	51
6,52	51 1/4
6,55	51 1/2
6,58	51 3/4
6,61	52
6,64	52 1/4
6,67	52 1/2
6,70	52 3/4
6,73	53
6,76	53 1/4
6,79	53 1/2
6,82	53 3/4
6,85	54
6,88	54 1/4
6,91	54 1/2
6,94	54 3/4
6,97	55
7,00	55 1/4
7,03	55 1/2
7,06	55 3/4
7,09	56
7,12	56 1/4
7,15	56 1/2
7,18	56 3/4
7,21	57
7,24	57 1/4
7,27	57 1/2
7,30	57 3/4
7,33	58
7,36	58 1/4
7,39	58 1/2
7,42	58 3/4
7,45	59
7,48	59 1/4
7,51	59 1/2
7,54	59 3/4
7,57	60
7,60	60 1/4
7,63	60 1/2
7,66	60 3/4
7,69	61
7,72	61 1/4
7,75	61 1/2
7,78	61 3/4
7,81	62
7,84	62 1/4
7,87	62 1/2
7,90	62 3/4
7,93	63
7,96	63 1/4
7,99	63 1/2
8,02	63 3/4
8,05	64
8,08	64 1/4
8,11	64 1/2
8,14	64 3/4
8,17	65
8,20	65 1/4
8,23	65 1/2
8,26	65 3/4
8,29	66
8,32	66 1/4
8,35	66 1/2
8,38	66 3/4
8,41	67
8,44	67 1/4
8,47	67 1/2
8,50	67 3/4
8,53	68
8,56	68 1/4
8,59	68 1/2
8,62	68 3/4
8,65	69
8,68	69 1/4
8,71	69 1/2
8,74	69 3/4
8,77	70
8,80	70 1/4
8,83	70 1/2
8,86	70 3/4
8,89	71
8,92	71 1/4
8,95	71 1/2
8,98	71 3/4
9,01	72
9,04	72 1/4
9,07	72 1/2
9,10	72 3/4
9,13	73
9,16	73 1/4
9,19	73 1/2
9,22	73 3/4
9,25	74
9,28	74 1/4
9,31	74 1/2
9,34	74 3/4
9,37	75
9,40	75 1/4
9,43	75 1/2
9,46	75 3/4
9,49	76
9,52	76 1/4
9,55	76 1/2
9,58	76 3/4
9,61	77
9,64	77 1/4
9,67	77 1/2
9,70	77 3/4
9,73	78
9,76	78 1/4
9,79	78 1/2
9,82	78 3/4
9,85	79
9,88	79 1/4
9,91	79 1/2
9,94	79 3/4
9,97	80

62°15'

